

HØYRINGSSVAR pr 27. mai 2015 frå Klepp fellesråd for Vegval for framtidig kyrkjeordning.

Klepp kyrkjelege fellesråd sende i 2012 inn svar på eit refleksjonsdokument frå Kyrkjerådet som omhandla dei same problemstillingane som nå er gjenstand for ein ny høyringsrunde. Det vil derfor vera naturleg å ta utgangspunkt i dei svara me sende inn den gongen.

Det er og viktig å basera uttalen vår på det som er grunnlagsvedtaket når det gjeld ny kyrkjeordning, nemleg frå Kyrkjemøtet i 2005, då det blei vedtatt at ein i den nye kyrkjeordninga skal

- 1) Ha felles arbeidsgjevaransvar
- 2) Utforma eit organ på mellomnivået som balanserer den lokale tilhørighet med mulighet for strategisk samordning og forvaltningsmessig kompetanse. Det pågåande arbeid med å etablera større og meir robuste kommunar, vil ha stor innverknad på den framtidige kyrkjestruktur.

Ein stor del av inntektene til Den norske kyrkja kjem som rammeoverføringar frå kommunane. Me meiner at kommunalt ansvar for kyrkjeøkonomien er noko som bør vidareførast. Dette er med på å skapa legitimitet og engasjement for kyrkja lokalt, i tillegg til å byggja opp om Den norske kyrkja som ei folkekyrkje. Kyrkjerådet har i svært liten grad teke omsyn til dei innspela som kom inn i refleksjonsrunden hausten 2012. Her kan me nemna spørsmålet om kva organ ein ser føre seg på mellomnivået. Ut frå innspela i 2012 var det mindre enn 2 % som ynskte at mellomorganet skulle leggjast på bispedømmenivå. Når det likevel er slik at eit fleirtal i kyrkjerådet går inn for å nytta nettopp bispedømmenivået som "mellomorgan", er det altså på tvers av det eit stort fleirtal blant sokneråd, fellesråd og andre høyringsinstansar. Me registrerer at det ikkje er spurt om korleis me skal ta vare på kyrkjebygga våre og kunstsattane der. I landet vårt er det svært mange kyrkjer som anten er freda, verna eller listeførte. Her må det statleg finansiering til, om dei skal verta vedlikehaldne. I tillegg er det behov for ein plan for kva for kyrkjebygg ein skal ta vare på for framtida.

Det vil vera svært uheldig om kyrkjerådet nok ein gong ser bort frå kva høyringsinstansane meiner. Kyrkjelivet vert levd lokalt, og det er her ein veit kor skoen trykkjer. Samtidig meiner Klepp kyrkjelege fellesråd at det er viktig å ha ein nasjonal struktur i Den norske kyrkja. Me tenkjer då på einskapen, den læremessige kontinuiteten og den lange, nasjonale tradisjonen som kyrkja har her i landet. Me ynskjer sterke lokalkyrkjelydar der sokna fortset som eige rettssubjekt. Me ynskjer eit sentralt rettssubjekt og felles, nasjonal identitet.

1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

- Me meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd på regionalt nivå eller på prostnivå, koordinert med ny kommunestruktur. Her bør utøving av arbeidsgjevaransvar liggja slik at det sikrar fagleg god ivaretaking av gravferdsforvaltninga og kyrkjebygga, i tillegg til det som høyrer inn under Kyrkelova §14.

- Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at lokalmenigheten får ei reell påvirkningsmulighet til si eiga, strategiske utvikling, si økonomiske forvaltning og i tilsetningssaker.
- Det er soknet/kyrkjelyden som er kyrkja si grunneining og soknet bør vera ei sjølvstendig, juridisk eining. Dei bør vera så store at dei kan ha ein dagleg leiar.
- Me meiner at så lenge kyrkja sin økonomi i stor grad er basert på kommunale løyvingar, er samspelet mellom fellestrådet og kommunen heilt avgjerande. Dette gjer at det er behov for eit representativt og profesjonelt organ som talar kyrkja si sak direkte til kommuneadministrasjonen og politikarar. Dette vil og vera ei stadfesting og styrking folkekyrkjetradisjonen. Me trur ikkje kommunen eller folkevalde vil ha noko engasjement for å løyva midler som dei veit at eit kyrkjeleg organ langt vekke, vil bruka i andre kommunar.
- I høyringssvara til NOU 2013:1, Det livssynsopne samfunn, gjev over 90% av dei kyrkjelege instansane uttrykk for at gravferdsforvaltninga også i framtida bør forvaltast av kyrkja. I vår framtidige organisering av folkekyrkja må me difor sørga for at me har organ som kan ivareta denne forvaltninga på ein like god måte som i dag.

2. Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja fell bort eller vert vesentleg redusert, vil folkekyrkja endra karakter. Ei vesentleg endring av finansieringa av kyrkja gjer det tvilsamt om ein vil kunna fortsetja som ei landsdekkjande folkekyrkje. Fell staten si overføring bort, vil ein kunna enda opp med at kyrkjelydar i "kyrkjesterke" stork vil klara seg godt, medan andre vil kunna forsvinna. Og fell det kommunale ansvaret bort, vil ein kunna få ei toppfinansiert og toppstyrt kyrkje der det vert lite interessant å vera med i sokneråd og elles yta ein innsats i kyrkjelyden. For Klepp kyrkjelege fellestråd er det derfor viktig at løyvingane til det kyrkjelege arbeidet må nå heilt fram til grasrota.

3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkja fell vekk, så lurar me på kva ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Kombinasjon av offentleg finansiering og lokalt innkravd medlemsavgift kan vera eit alternativ. Parallelt med dette, bør kyrkjemøtet og kyrkjerådet leggja til rette for ei bevisst og styrka satsing av gjevarteneste i kyrkjelydane.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Dersom det vert oppretta nye, sterke fellestråd parallelt med ein ny kommunestruktur, vil ein kunna redusere talet på fellestråd i samsvar med det. Dersom arbeidsgjevaransvaret vert lagt til det nye fellestrådet, vil ein i prinsippet kunne begrensa seg til tre nivå i kyrkja:

- Kyrkjemøte, nasjonalt
- Fellestråd, Prosti/kommune

– Sokneråd, lokalt

Det bør vera gjennomgåande representasjon frå sokneråd, fellestråd, kyrkjemøte

Me meiner at eit styrande prinsipp i forvaltninga av ressursar må vera at det evangeliske arbeidet får gode vekstvilkår. Me trur færrest muleg forvaltningsnivå og felles arbeidsgjevarlinje vil bidra til best mogleg utnytting av ressursane i så måte.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Sokna må vera så store at det kan tilsetjast dagleg leiar. Dette kan enkelte stader føra til samaslåing av sokn. Med dagleg leiar bør det kunna leggjast til rette for å rekruttera og ivareta frivillige som gjer teneste i kyrkjelydane.

6. Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?

Svar: JA

Refleksjonsprosessen i 2012 viste at dei fleste kyrkjelyds- og fellestråda i Noreg er nøgde med dagens system med to organ. Det valde soknesrådet får i denne ordninga konsentrera seg om Kyrkjelovas §9 der nærleik og evne til lokal tilpassing er viktig, mens andre oppgåver med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt slik som gravferdsforvaltning, kyrkjebygg, personal, økonomi kan overlatast til fellestrådet.

7. Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

På kommunenivå etter at kommunereforma er i boks. Alternativt på justert prostinivå for fleire kommunar dersom kommunane ikkje er store nok.

8. Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellestråd?

Svar: Jfr svar på spørsmål 1.

Soknerådet må sikrast reell innflytelse på kyrkjelyden sitt arbeid både når det gjeld ansvar i den strategiske utviklinga av kyrkjelyden, tilsetjing av medarbeidarar og økonomisk handlefridom. Hvis det ikkje skjer, meiner vi at det vert vanskeleg, ja omtrent umulig å få til noko lokalt engasjement, og då vil me tru at arbeidet visnar og kyrkjebesøket vil gå drastisk ned.

9. Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: JA

10. Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Sokna bør vera så store at det kan tilsetjast daglege leiar. Hovudregelen bør vera at dette er ein annan enn presten. Presten må få lov til å vera prest og unngå å bli fanga av for mykje administrativt ansvar.

11. Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Biskopen bør vera

- ein visjonsbærer for alle tilsette, for frivillige så vel som for rådsmedlemmer
- ein som kan gje tilsette og frivillige frimodighet, stolthet, energi og engasjement
- Biskopen har tilsynsmyndighet med kyrkjelydane Dette gjeld både prest og alle Medarbeidarar. Når det gjeld tilsynsmyndighet så ser vi for oss ein parallell til Mattilsynet, El-tilsynet, Post og Teletilsynet, etc. Det er ingen problem å føra tilsyn om ein ikkje har linjeansvar, ofte kan det vera ein fordel å ikkje ha det dersom det oppstår konfliktsituasjonar.
- Biskopen inngår i bispemøtet som førebur teologiske avklaringar til Kyrkjemøtet

12. Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Klepp kyrkjelege fellesråd meiner biskopen kan ha ei rolle i samband med tilsetjingar utan å vera arbeidsgjevar. Me meiner biskopen sitt tilsyn må gjelda alle instansar i bispedømmet som har eit arbeidsgjevaransvar, - og at tilsynet i hovedsal omfattar omfattar vigsla stillinger. Biskopen ordinerer til presteneste, og det er bare han/ho som kan gje ein person presterettigheter. Tilsvarande må det vera ordningar for varig eller mellombels oppheving av ordinasjonsfullmaktene, og for tap av desse ved avskjed, oppseiing eller suspensjon. For å ivareta tilsynsansvaret må biskopen ikkje bare kunna gje råd og rettleiing, men og bindande pålegg vedrørende tilsette si tenesteutøving. Det er biskopen sitt ansvar å sjå til at dei grunnleggjande kyrkjelege tenestane vert ivaretekte. Heilt sentralt i denne samanheng er gudstenestane. I tillegg ser me det som sjølvstøtt at biskopen framleis får eit ansvar for å godkjenna lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, undervisning/trusopplæring og gudstenesteliv.

13. Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

14. Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

Etter vårt syn er ikkje bispedømmerådet som valt, demokratisk organ nødvendig. Me finn det likevel hensiktsmessig at rådet fortset, men valgt av fellesråda. (Ikkje eigne val slik som for sokneråda) Me meiner at eit styrande prinsipp i forvaltinga av ressursar må vera at det evangeliske arbeidet får gode vekstvilkår. Me trur færrest muleg forvaltningsnivå og felles arbeidsgjevarlinje vil bidra til best mogleg utnytting av ressursane i så måte. Sjå elles svar på spm 4.

15. Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerrådet?

Svar:

Aktuelle oppgaver for bispedømmerrådet kan vera:

- strategisk arbeid i bispedømmet, fordeling av statlege ressursar, rådgjevande organ for biskopen,
- rekruttering til Kyrkjemøtet,
- drøfte saker som skal til Kyrkjemøtet og fylgja opp saker frå Kyrkjemøtet,
- tilsetning av medarbeidarar som ikkje har fellesrådet eller soknet som arbeidsstad.

Sjå elles svar på spm 4.

16. Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

JA.

Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at det vert etablert ei ordning der kyrkja sine omfattande tenester i ord og handling vert ført vidare med leiing av ei linje for å sikra felles mål, felles strategi og felles forplikting for alle tilsette.

• Me meiner at det må opprettast eit nytt fellesråd på nivå med en ny kommunestruktur, for å ivareta arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja innafor sitt område.

• Eit av fleire argument for at fellesrådet skal vera arbeidsgjevar, er at me meiner kommunen framleis skal finansiera dei fleste av lokalkyrkja sine tilsette. Me trur det er ein reell fare for at kommunane sitt kyrkjelege engasjement vil verta sterkt svekka dersom arbeidsgjevaransvaret skal liggja på bispedømmenivå.. Då vert det stor avstand, og det lokale engasjement både hos kommuneadministrasjonen og lokale politikarar vil avta.

17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevaransvaret må liggja i fellesrådet som opptre på vegne av soknreåda.

Arbeidsgjevaransvaret vil vera delegert til ein dagleg leiar. Også andre organ kan tilleggjast ansvar for å ivareta enkeltavgjersler så som tilsetjingar og anna.

18. I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I liten grad. Dersom kommunereforma nokre stader ikkje endar opp i kommune-storleikar som gjev robuste nok fellesråd, bør det vera mogeleg med samarbeid over fleire kommunar.

19. Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre viglede tjenester?

Svar:

Ved at prosten har eit fagleg leiaransvar for prestetenesta i prostiet på vegne av biskopen og ei vegleiarrolle for andre funksjonar som omfatter forkynnelse og opplæring. Prosten har det

avgjerande ordet når det gjeld det pastorale leiarskapet i kyrkjelydane. Tenesteordningar o.l. vil og vera med på å sikra den enkelte sin faglege sjølvstende og integritet.

20. Har høringsinstansen synspunkter på Kyrkjemøtets rolle i kirken?

Svar:

Me må sikra at det er ei tilstrekkeleg uavhengighet mellom Kyrkjemøte og bispedømmeråd, slik at ikkje Kyrkjemøtet vert ein interesseorganisasjon for bispedømmeråda, men representerer og arbeider for heilskapen i den lokale struktur. Dette er særleg aktuelt når Kyrkjemøtet skal fordela økonomiske ressursar. Kyrkjemøtet må dessutan vera veldig bevisst på kven som skal betale rekninga når det gjer vedtak med økonomiske konsekvensar.

21. Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kyrkjemøtet skal settes sammen?

Svar:

Det bør gjerast ei utgreiing for korleis ein kan «rekruttera» til Kyrkjemøtet på ein slik måte at møtet i større grad representerer heilskapen i den lokale, kyrkjelege struktur. Samstundes må ein ta omsyn til ynsket i demokratireforma om direkte val til Kyrkjemøtet.

22. Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kyrkjemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Bispemøtet kan i større grad enn i dag være saksførebuar for Kyrkjemøtet, særleg når det gjeld teologiske avklaringar.

23. Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Biskopane bør organisatorisk bli leia av ein preses. Både biskop m/stab og preses m/stab bør tenestemessig vera tilsett av Kyrkjerådet. Biskopane må saman komma fram til felles kjørereglar i prosedyrespørsmål, regelverk m.m., men teologisk må kvar biskop ha full fridom (jf. prinsippet om det allmenne prestedømmet).

24. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet bør ha representantar frå alle bispedømme og som i andre styresamanhengar står ansvarleg ovafor Kyrkjemøtet.

25. Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Erfaringane med ei eiga lærenemnd tilseier at det ikkje er sikkert at denne ordninga bør videreførast. Me meiner det vil vera naturleg at bispemøtet er saksførebuar når det gjeld lærespørsmål, og at teologiske avklaringar blir lagt fram for kyrkjemøtet for avgjersle.

26. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:
Nei.

27. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:
Den ordninga me har i dag kan vidareførast og utviklast.

